

Kleivane Kraft AS
4230 Sand

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148, Dep
0030 OSLO

Suldal, 25. januar 2005

**UTTALE TIL "HØRINGSNOTAT OM UTKAST TIL LOV OM PLIKTIGE
SERTIFIKATER" FRÅ OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET AV 24.11.2004**

Tidsmessig avgrensing om rett til elsertifikat

I Høyringsnotatet kapittel 3.1 heiter det:

"Departementet har vurdert om visse anlegg med byggestart før 1. januar 2004 også bør kunne tildeles sertifikater. Utstedelse av elsertifikater til slike produksjonsanlegg vil imidlertid ikke bidra til å oppfylle lovforslagets formål om å øke produksjonen av fornybar elektrisitet. Disse anleggene ble bygd ut fra de lønnsomhetsvurderinger som ble lagt til grunn under daværende rammevilkår, men den risiko dette innebar. Det er derfor ikke lagt opp til å utstede sertifikater til anlegg med byggestart før 1. januar 2004."

I det vi viser til vedlagt brev av 25. februar 2004, vil vi på det sterkaste be departementet om å vurdere dette standpunktet på nytt. To alternative løysingar er etter vårt syn aktuelle:

- a) Den svenske overgangsordninga for eldre anlegg vert gjort tilsvarende gjeldande i Norge, d.v.s. at mellom anna vasskraftverk opp til 1,5 MW og vindkraftverk bygt før 2004, vert tatt inn i sertifikatordninga
- b) Anlegg sett i drift 1.1.2004 eller seinare vert tatt inn i sertifikatordninga.

Det er gode argument for begge desse alternativa. Begge alternativa vil innebære at sertifikatordninga vert supplert med kun eit avgrensa ekstra produksjonsvolum som meir vil vere til fordel for ordninga (større handelsvolum frå starten av) enn til ulempe.

To særskilde argument talar i alle høve for at ordninga vert utvida tilsvarende alternativ b) som er minst omfattande. Tidspunkt for driftstart (produksjonsstart) er langt meir eintydig og målbart enn "byggestart". For mindre vasskraftprosjekt i regi av grunneigarar som gjennomfører tilgrensande investeringar med fleire føremål, er "byggestart" heilt ueigna som avgrensingskriterium. Dette har NVE klart understreka i si utgreiing.

I tillegg vil ein fange opp dei kraftutbyggjarane som oppfatta Stortingsvedtaket frå mars 2003 som eit klarsignal til å setje i gang med utsikt til sertifikatinntekter. I Stortingsvedtaket blir Regjeringa gitt i oppdrag å utarbeide ei sertifikatordning tilsvarende den svenske. Altså blei anlegga bygde ut frå lønsemdtsvurderingar som inkluderte dette. Dersom desse

kraftutbyggjarane ikkje vert innlemma i ordninga, vil dei komme vesentleg dårlegare ut enn dei på nokon måte kunne sjå for seg då dei bestemte seg for å byggje. Hovudgrunnen til det er at sertifikatordninga i seg sjølv vil gje ein lågare "grå-pris" på straum til produsent enn det som ville blitt tilfelle utan sertifikatordninga.

Likevel må det seiast at den mest rettferdige løysinga må vere alternativ a).

Det er også slik at det finst støtteordningar frå tidlegare som kan samordnast inn i den nye sertifikatordninga, t.d. elavgiftsrefusjonen på vindkraft og små vasskraftverk, rentestøtte i regi av tidlegare SND med meir. Departementet sin omtale av dette tilhøvet er såleis nokså misvisande. Det er slik me ser det ikkje mogleg å sjå nokon prinsipiell forskjell mellom ein som bestemte seg for å byggje våren 2003 kontra ein annan som bestemte seg våren 2004, sett i høve til føremål med sertifikatordninga så vel som investor sine forventningar om resultat av investeringa.

Med helsing



Jone Moe
styreformann/dagleg leiar

Vedlegg:

Notat frå Kleivane Kraft AS av 25. februar 2004 vedkomande grøne sertifikat i Noreg.

Vedlegg:

Kleivane Kraft AS
4230 SAND

Olje- og energidepartementet
v/politisk rådgjevar Øyvind Håbrekke
Postboks 8148, Dep
0030 OSLO

Suldal, 25. februar 2004

GRØNE SERTIFIKAT I NORGE

I merknadene frå Olje- og energikomiteen til Regjeringa i Budsjettinnstillinga (S. Nr. 9) for 2000-2001 ber fleirtalet Regjeringa om å utgreie eit system for grøne sertifikat (tilsvarende system som er under utvikling i EU) tilpassa norske og nordiske tilhøve. Regjeringa legg fram ei utgreiing om dette i St. meld. Nr 9 (2002-2003).

I mellomtida har Sverige i ein energiproposisjon lagt fram i juni 2002 handsama framlegg om eit system med grøne sertifikat i Sverige. Forskrifter vert handsama hausten 2002 og det vert samstundes bygt opp eit praktisk system for å handtere dette. Endeleg lovproposisjon er klar vinteren 2003 og systemet tek til å virke frå 1. mai 2003. Sertifikatsystemet omfattar fornybar energi generelt (vind, sol, geotermisk, bio, bølge, vasskraft). Men for vasskraft gjeld særskilte avgrensingar der likevel all (gamal og ny) produksjon fra kraftverk under 1500 kW er tatt inn i ordninga.

Trass i at Regjeringa i St. meld. Nr 9 (2002-2003) ikkje går inn for å innføre eit grønt sertifikat i Norge med det første, ber likevel stortingsfleirtalet "...Regjeringen ta initiativ til – fortrinnsvis – et felles norsk/svensk pliktig grønt sertifikatmarked som eventuelt kan samordnes med et internasjonalt sertifikatmarked, med sikte på å legge frem et konkret forslag for Stortinget så snart som mulig, og senest våren 2004."


Rundt årsskiftet 2003-2004 signaliserar olje- og energiminister Steensnes i pressemelding nr 138/03 den 19.12.2003 at "... de som bygger ut kraftproduksjon nå ikke skal tape på det ved en innføring av et marked for grønne sertifikater. Sertifikatberettigede anlegg for elektrisitetsproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater, selv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunktet". Dette siste har seinare i media vore tolka slik at eksempelvis eit mindre vasskraftverk bygt i 2003 og sett i drift i 2004 fell heilt utanføre eit system med grøne sertifikat. Spørsmålet melder seg også om annan ny fornybar kraftproduksjon der bygging er påbegynt før 1.1.2004 også fell utanfor ei sertifikatordning i Norge.

Me vil så sterkt me kan hevde at ei slik tidsavgrensning verken er rettferdig, logisk, klok eller praktisk og difor må vurderast nærare. Til støtte for dette synet vil me peike på følgjande:

- Med ovannemnde bakgrunn var det våren 2003 all grunn til å tru at til dømes små vasskraftverk som då vart sett i gong eller planlagde, ville komme med i ei sertifikatordning dersom dette seinare vart innført i Norge. Komiteen hadde bede om eit felles system med Sverige, og det svenske regelverket som var kjent i mars 2003, inneheldt generelt sett ikkje nokon slik tidsavgrensning for ny fornybar kraftproduksjon og vasskraft under 1 500 kW. Det har ikkje komme noko signal om at Sverige vil endre sitt opplegg på dette punktet. Sverige hadde frå før 84 TWh fornybar energi med hovudvekt på vasskraft, så det var all grunn til å rekne med at eit norsk regime ville sjå ut tilsvarande det svenske.
- Gjennom heile 2003 har det vore stor aktivitet på planlegging og bygging av mini- og småkraftverk i Norge. Kommunen vår, Suldal, er eit godt døme på det. Det var ingen på offisielt hald i Norge som då – midt i den verste straumkrisa våren/sommaren 2003 – åtvare grunneigarar mot å setja i gong med å byggje ut minikraftverk eller at dei ville bli straffa dersom dei ikkje venta på nærare beskjed. Dette må nå Regjeringa ta ansvar for etter ikkje akkurat å ha vore pådrivarar i prosessen. Dersom regjeringa meinte at ein skarp tidsavgrensing for all sertifikatberettiga kraft var viktig og nødvendig, måtte ein ha gått ut med dette straks gassmeldinga var handsama i Stortinget. Dette tidspunktet kan ha verka som eit startskot for mange.
- Eit skarpt skilje mellom sertifikatberettiga/ikkje sertifikatberettiga kraft pr 1.1.2004 må verke svært urimeleg for dei mange pionerane som med sine prosjekt og risikokapital har medverka til å brøyte veg i godkjeningsprosessen og utvikla ein velfungerande leverandørindustri innan småskala vasskraft. Tilsvarande gjeld innsats for tilpassing av vindkraft til norske tilhøve samt utvikling av andre felt innan ny fornybar kraftforsyning.
- Byggjestart er ikkje eigna som tidsavgrensning. Kva meinest med byggjestart etter 1.1.2004? I mange prosjekt, t.d. små vasskraftverk som vert bygt ut av grunneigarar enkeltvis eller fleire i lag, er det ikkje utan vidare lett å fastsetje ein konkret dato for byggjestart. Mange førebuaende tiltak kan vere til nytte for fleire føremål.
- Produksjonsstart er i så måte ei meir eintydig tidsavgrensning som er lett å kontrollere og vert nytta i andre samanhengar, t.d. på skatteområdet.
- Eit velfungerande sertifikatsystem må ha eit visst volum allereide frå starten for å fungere bra. I Sverige innebar overgangsreglane ein prisverdig fleksibilitet/pragmatisme i høve til eksisterande anlegg som oppfylte objektive kriterier. Spørsmålet er vel likevel om sertifikattilbodet i Sverige den første tida heller har vore for lite enn for stort. Med eit regelverk tilsvarande det svenske vil eit nødvendig volum, herunder kraft frå nokre vindkraftparker, vere på plass frå starten også i Norge.

Konklusjonen på dette må bli at eksisterande fornybar kraftproduksjon må komme inn under sertifikatordninga på tilsvarande måte som i Sverige. I alle høve må slike anlegg sett i drift frå den tid Stortinget handsama St. meld. Nr 9 (2002-2003).

Med helsing



Jone Moe
styreformann/dagleg leiar